



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
05.10.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/3544 421.3
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Oppnemning av setjefylkesmann - Meland – Gnr. 18, bnr. 12 - Oppføring av einebustad - Dispensasjon

Fylkesmannen viser til brev frå Meland kommune datert 07.09.2018. Saka gjeld dispensasjon til oppføring av einebustad på gnr. 18 bnr. 12 på Sagstad. Eigedommen ligg i eit område som i arealdelen av kommuneplanen er synt med arealformålet landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). Vi viser også til at område er del av kjerneområde landbruk i temakart som er vedlegg til arealdelen av kommuneplanen i Meland kommune.

Utval for drift og utvikling i Meland kommune gav i møte 05.06.2018, sak 50/2018, dispensasjon for oppføring av ny einebustad på gnr. 18 bnr. 12.

Vedtaket er klaga på av Fylkesmannen i Hordaland i brev datert 22.06.2018.

Klagen vart handsama av Utval for drift og utvikling i sak 66/2018, der kommunen sitt vedtak i sak 50/2018 vart oppretthalde og klagen ikkje tatt til følgje.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Meland kommune Postboks 79 5906 Frekhaug